

Emnerapport for TYS111

Grunnemne i tysk språk I

Vår 2015

Studienivå: Bachelor

Undervisere: Veronika Hamann (emneansvarlig), Andine Frick

Undervisningsspråk: Tysk

Mål og innhald

Emnet omfattar eit basiskurs i tysk grammatikk og lydlære (fonetikk/fonologi), og oppøving av skriftleg og munnleg meistring av språket. Ved språktreninga blir det teke utgangspunkt i munnlege og skriftlege teksttypar av ulike slag, og det blir arbeidd både med bundne (omsetjing, utfyllingsoppgåver, feilrettingsoppgåver m.m.) og friare øvingar (resyme, essay, argumentasjon, intervju, reportasje m.m.).

Læringsutbyte/resultat

Kurset tek sikte på å betra forskjellige kunnskapar, dugleiker og studentens grunnkompetanse. Gjennom emnet skal studentane utvikla sine kunnskapar i tysk grammatikk og lydlære, og derunder kjennskap til viktige ulikskapar mellom tysk og norsk, og utvikla grunnleggjande kunnskap om sentrale utviklingstrekk i tysk fonetikk/fonologi og om tysk grammatisk og fonetisk/fonologisk fagterminologi. I tillegg skal studentane utvikla grunnleggjande kunnskap om skriftleg og munnleg kommunikasjon på tysk. Dugleikar som studentane har skaffa seg i TYS111 er eit godt uttrykk på både munnleg og skriftleg tysk, og at studentane kan bruke grunnleggjande tysk fagterminologi til å analysere tekstar og munnlege uttrykk og kan bruke enkle syntaktiske analyseverktøy og enkel fonetisk transkripsjon.

Den grunnkompetanse studentane har skaffa seg er eit godt grunnlag for å utvida eigen praktisk og teoretisk kompetanse i tysk språk og at studentane er i god stand til å halde fram tyskstudiet på 100-nivå.

Pensum

Lydlære:

Høyem, Sturla & Zickfeldt, Aug. Wilhelm (2001). *Deutsche Lautlehre*. Utgave 2. Trondheim: Tapir.

Kessel & Reimann (2012). *Basiswissen Deutsche Gegenwartssprache*. Kap. VII: Phonologie und Phonetik. Tübingen/Basel: Francke, S. 179-191.

Øvingsmateriale som blir delt ut i løpet av semesteret.

Grammatikk:

Håvard Reiten (2003): *Tysk grammatikk* (3. Ausgabe oder andere). Aschehoug. Oslo. Kap. 1, 3, 4, 6, 7, 9, 12, 14.2.

Øvingsmateriale som blir delt ut i løpet av semesteret.

Skriftleg og Munnleg praktisk tysk:

Øvingsmateriale og tekstar som blir delt ut i løpet av semesteret.

Undervisning

Undervisninga i Bergen omfatta 10 timar i 10 veker, til saman 100 timar. Av desse timane var 4 timar (40) via til grammatikk, 2 timar (20) til lydlære, 2 timar (20) til munnleg praktisk, og 2 timar (20) til skriftleg praktisk tysk. I tillegg fekk studentane tilbod om å ha 2 ekstra timar i løpet av fem veker for ekstra øvingar.

I tillegg til undervisninga i Bergen er det 6 veker undervisning i Kiel.

I løpet av semesteret blei heile pensumet gjennomgått grundig, men opplegget inkluderte òg førebuing og sjølvstendige øvingsoppgåver.

Studentevaluering

Studentevalueringane på Mi side ble utfylt våren 2015 av 12 av 19 som tok TYS111. Studentane er ganske fornøgde med emnet og dei fleste er ganske fornøgde med forelesningane. Alt i alt ble læringsutbyttet frå forelesningane og pensumslitteraturen vurdert som nokså stort av dei fleste. Tekstpensumet er generelt vurdert som passende for emnet og mange meinte at utbyttet av å jobbe med dei obligatoriske oppgåvene er stort. Noen meinte at omfanget av praktisk informasjon er det som mangler i kurset.

I tillegg fikk emneansvarlig inntrykk av at Kiel-opphaldet er vurdert som eit godt høve til å utvikle eigen grunnleggjande dugleik i skriftleg og munnleg kommunikasjon på tysk.

Samlet evaluering fra emneansvarlig med forslag til endringer

Omfang av forelesningar i Bergen i tillegg til Kiel-oppholdet er nokså stort, men det har vist seg å vere veldig nyttig blant annet med hensyn til øvings- og utviklingsmuligheter i praktisk tysk. Vårsemesteret var tungt for 100-nivåstudentene, men de lærte mye.

For å auke læringsutbyttet kan samanhengen mellom undervisninga i Bergen og Kiel framleis gjerast betre, til dømes ved at informasjon om innhald blir gitt tidlegare frå forelesar i Bergen til Kiel, og ved at studentane får betre informasjon om dette. Informasjonen om i kva grado undervisninga i Kiel er eksamensrelevant og skal sjåast på som førebuing til eksamen i Bergen kan også gjerast betre.

Vurderingsformer

Vurderingsforma er tredelt og er samansett av:

1. Ei skriftleg prøve på seks timar som er samansett av to tredelar grammatiske spørsmål og ein tredel oppgåver som eksaminerer skriftlig bruk av tysk språk.
2. Ei munnleg prøve (om lag 15 minutt) som inneheld spørsmål om pensum i lydlære.
3. Ei munnleg prøve (om lag 15 minutt) som inneheld oppgåver til språklege aktivitetar som blei øvd i øvingsgruppe.

Det vert gitt éin samla karakter. Alle tre eksamensdelane må vere greidde i same semester.

Eksamenresultat

18 kandidatar kvalifiserte seg til å ta skriftleg eksamen.

1 tok ikkje eksamenen, men tok og besto repetisjonseksamen seinare.

2 klarte ikkje å bestå på første forsøk, men besto repetisjonseksamen.

Veronika Hamann

Emneansvarlig TYS111 vår 2015